

NOTAT

Oppdrag **Områdeplan Svemorka vest**
Kunde **Stranda kommune**
Notat nr. **01**
Dato **2016/05/03**
Til **Stranda kommune – sakshansamar Bjørnar Andersen**
Frå **Oddhild Fausa**
Kopi **Håvard Parr Dimmen**

Utkast til saksutgreiing – handsaming av planprogram for områdeplan Svemorka vest

Dato 2016/05/03

1. Bakgrunn for saka

Stranda kommune har under arbeid områdeplan for Svemorka vest. Planprogrammet er endra etter offentlig høyring og gjennomgang av administrasjonen. Endringa gjeld:

- Avsetting/bandlegging av areal til mogleg framtidig ny fylkesvegtrasè
- Eit ope orienteringsmøte i planprosessen
- Installasjonar som nyttar grunnvatn og jordvarme skal kartleggast og beskrivast
- Utarbeiding av renovasjonsteknisk plan
- Vurdering av barn og unge sine interesser i planen
- Tilrettelegging for buss
- Endra framdriftsplan

Rambøll
Storgata 25
N-6002 Ålesund

T +47 70 10 90 70
F +47 70 10 90 75
www.ramboll.no

Ref.

Det har vore dialog med planavdelinga etter høyring av planprogrammet om mogleg utviding av planområdet nord- og sørover for å få løyst følgjande problemstillingar:

1. Tilkomst frå fylkesveg 81 (Engesetsida) gjennom Svemorka.
2. Unngå køyrebri over Morkevegen og vurdere eit tunnelinnslag på austsida av Engesetelva (forslag frå kommunen). Sjå vedlegg med utgreiing.
3. Sjekke om regulert vegtrasè sørover skal vurderast som mogleg alternativ riksvegtrasè i KU.

Det blei konkludert med at planområdet ikkje skal utvidast. Innanfor varsla planområde ligg det ei mogleg kryssing over Engesetelva som kan binde saman industriareala på begge sider av elva. Eksisterande veg til massetaket på Engesetsida kan på eit seinare tidspunkt vurderast som aktuell samanbindingsveg og knytast saman med vegen/brua i områdeplanen.

Tunnelinnslag på austsida av Engesetelva blei vurdert og forkasta pga store kostnader. Regulert vegtrasè sørover er det gjort eit vedtak på at den skal utgå (sak xx).

Etter eit nokre møte i administrasjonen og med plankonsulent blei det konkludert med at opphaveleg planområde skulle behaldast. Desse vurderingane og skifte av sakshandsamar utløyste at framdrifta blei nokre månader forsinka i forhold til framdrifta vist i planprogrammet.

2. Saksopplysning

Området ligg 7 kilometer sørvest for Stranda sentrum. Planområdet er i dag eit opparbeidd industriområde, uttaksområde for massar og noko skog og landbruksområder. Planområdet grenser til fv. 60. Stranda kommune er grunneigar for mesteparten av planområdet elles er det private grunneigarar.

Forslagsstillar er Stranda Kommune. Prosjektlear fram til nov. 2015 var Steinar Belsby. Konsulent for planarbeidet er Rambøll. Oppdragsleder er Oddhild Fausa.

Det blei heldt eit oppstartsmøte med konsulenten (Rambøll) den 24.03.2014.

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid blei annonsert på kommunen si nettsider og i avisa Sunnmøringen. Frist for merknadar var 04.04.2014.

Lokalisering:

Arealet ligg på Svemorka i Strandadalen. Planområdet gjeld vestre del av dagens industriområde, område langs Engesetelva og areal langs Morkevegen frå fylkesveg 60. Området har landskapstrekk med nivåhyller mellom Morkevegen og Engesetelva.

Det er nokre landbruksområde på vestsida av Engesetelva. Det er ingen større jordbruksområder på austsida av Engesetelva, berre eit mindre jordbruksområde.

To masseuttaksområde ligg innanfor planområdet.

Delar av planområdet er skogsområde med tett vegetasjon. I sørlege del er det eit mindre opparbeidd område nytta til firmaet Nordang.

Det er nyleg bygd ny veg til sørvestlege del av Svemorka industriområde.

Det er gjort vurdering av flom- og erosjonssikring for ny tilkomstveg til nylig planlagt utviding av industriområdet. Det er for områdeplanen stilt krav frå NVE at flaum- og erosjonsfare skal vurderast under planarbeidet og eit utvida område langs Engesetelva må derfor flom- og erosjonsvurderast.

Planstatus:

Planområdet ligg både innanfor reguleringsplan for Svemorka (1971) og kommunedelplanen for Strandadalen. Reguleringsplan for del av Svemorka (2014) ligg innanfor planområdet.

Sjå kart vedlagt saka.

I gjeldande kommunedelplan og i reguleringsplan for Svemorka er området satt av til industri, bustad, landbruksformål og skogbruk.

Engesetelva går igjennom planområdet.

3. Vurdering

Planprogrammet for områdeplan for Svemorka og varsel om oppstart blei lagt ut til offentlig høyring i juni 2015. Det blei sendt brev til aktuelle grunneigarar og høyringsinstansar. Det kom inn 9 merknader.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 21. august 2015:

Det blir ikkje stilt krav om arkeologiske registreringar etter Kulturminnelova.

Reguleringsføresegnene bør likevel ha med krav om avklaring med kulturavdelinga i fylket dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova § 8.

Konsekvensutgreiinga må ta med ei heilskapleg vurdering av tilbodet til mjuke trafikantar. Kollektivtilbodet må sikrast ved at ein regulerer inn strategisk plasserte haldeplassar med universell utforming,

Med riksvegstandard på ny veg fram til tunnelinnslaget vil mykje areal bli brukt til veg.

Dersom dette skal vere ein del av konsekvensutgreiinga må ein belyse grunnlaget (trafikktalet og mogleg finansiering) for vegen.

Vurdering:

Omsyn til eventuelle funn av automatisk freda kulturminne blir teke med i reguleringsføresegnene.

Tilbodet til mjuke trafikantar blir teke med i konsekvensutgreiinga.

Haldeplassar skal få så god plassering som råd. Universell utforming skal ivaretakast.

Vegen blir planlagt etter dei krava som gjeld for riksveg. Forprosjektet "Fv 60 Hole-Engeset" tek for seg tunnelen, trafikkgrunnlag, kostnader og mulig finansiering. Innhaldet i rapporten blir gjennomgått og eventuelt revidert.

Område rundt riksvegtraseen vil bli satt av som omsynssone og ev. detaljplanlagt i ein eigen reguleringsplan etter kommunedelplanen har avklart trasèvalg.

Statens vegvesen, brev av 20.08.2015:

Er nøgde med at ei av målsetjingane for områdeplanen er forbetring av gang- og sykkelvegnettet.

Bustadområdet må ha gang- og sykkeltilbod til busstopp og kringliggande gang- og sykkelvegnett.

Der kan bli ein del busstrafikk, og ein bør vurdere behovet for ein haldeplass i Svemorka på strekninga mellom dagens fv 60 og tunnelopninga.

Vurdering:

Det er ein klar intensjon med planen at den skal ha trafiksikre løysingar. Bustadområdet skal ha god gs- tilkomst til resten av gs-vegane i området.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 14.07.2015:

Det må kome klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II blir tatt omsyn til og vektlagt.

Ingen vassforekomstar skal få dårlegare tilstand som følgje av auka tilførsel av nærings salt eller partiklar, jf nasjonale mål og vassforskrifta.

Både noverande og framtidig belastning på vassdraget må utgreiast, jf punkta ovanfor.

I retningslinjene til arealplanen og på reguleringsplankartet må det visast kva breidde vegetasjonsbeltet langs elva skal ha.

Ein bør setje krav til korleis terrenget skal sjå ut når massetaket er avslutta. Likeins når massetaket skal avsluttast og kva dagleg driftstid det skal ha.

Ved etablering av knuseverk må dette vurderast etter forureiningslova § 30.

Det er greitt at landbruksinteressene blir omtala og vurdert i planomtalen og ikkje i konsekvensutgreiinga. Det bør kome klart fram kva konsekvensar og avbøtande tiltak ein gjer i høve til landbruksinteressene.

Vurdering:

Omsynet til vassdraget skal ivaretakast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det vil då bli gjort greie for både noverande og framtidig belastning på elva.

Breidda på vegetasjonsbeltet skal vere tydeleg vist i planen og blir klargjort i føresegnene.

Føresegnene skal gi naudsynt omtale av drift og avslutning av massetaket.

Konsekvensar og avbøtande tiltak for landbruksinteressene skal omtalast i planen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev av 13.07.2015:

Det er krav om eit naturleg vegetasjonsbelte langs Engesetelva. Tilrår at arealbrukskategorien "Bruk og vern av vassdrag" vert nytta til å merke vasstrengen og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

I vidare planarbeid må planområdet sikrast mot ein 200 års flaum (jf TEK10).

Tilrår at ein legg til grunn klimaframskriving når ein skal sikre mot flaum og erosjon. Ein forventar at framtidens flaumar på Vestlandet vil auke med 20-40%.

Dersom planen opnar for ny busetnad innanfor aktsemdsområdet for skred i Skrednett må det gjerast ei nærare vurdering av skredfaren.

Faresonegrenser må definerast i samsvar med Byggteknisk forskrift (TEK10).

Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone, og ha tilhøyrande føresegner som sikrar tryggleiken godt nok.

Dersom planen omfattar eksisterande busetnad innanfor aktsemdsområde, kan aktsemdskarta i Skrednett nyttast til å avgrense omsynssona.

Vurdering:

Kantsoner skal sikrast gjennom reguleringsplanen. For delar av Engesetelva er dette tidlegare regulert inn.

I planen blir det tatt omsyn til 200 års flaum.

Det blir ikkje opna for ny busetnad innanfor aktsemdsområde for skred.

Faresonegrensene blir definert i samsvar med TEK10.

Reguleringsføresegnene skal sikre tryggleiken for eventuelle fareområder som blir regulert inn som omsynssone.

Vi nyttar skrednett.no for kvalitetssikring av eventuelle fareområder for flaum og skred i det vidare arbeidet.

Ålesundsregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM), epost 25.06.2015:

Det må utarbeidast ein renovasjonsteknisk plan.

Det er etablert eit returpunkt for hytterenasjon på veggrunn ved kryss med fv 60. Dei ber om at det blir sett av plass til dette i den nye planen.

Vurdering:

I samråd med Stranda kommune vil omfang på den renovasjonstekniske planen bli avklara. Detaljar blir avklara i seinare detaljregulering. Areal til framtidig returpunkt for avfall blir teke med i vidare dialog med Vegvesenet i planlegging av ny veg og kryss.

Stranda Ride- og køyreklubb v/Camilla Moen:

Har leigeavtale med gnr/bnr 26/1: Der er ridebane og andre bygg for aktivitet med hest i planområdet. Området blir brukt kvar dag heile året. Punkt 12.2.4 i forslag til planprogram er såleis misvisande fordi området blir brukt av barn og unge.

Vurdering:

Dette punktet i forslaget til planprogram kan vere noko unyansert formulert. Det skal takast omsyn til barn og unge sine interesser i planen. Ridebanen og aktiviteten der skal takast omsyn til ved utarbeiding av områdeplanen.

Reidar Furset (Gnr/Bnr 43/3), brev 20.08.2015:

Vil ha dyrka opp att tilsvarende areal dersom det blir teke dyrka jord frå eigedomen. Tunnelinnslaget/vegen bør kome i grenselina mellom gardsbruka. Sandtaket i nordaustre kant av 43/3 kan nyttast som lagerplass for tunnelmasse. Bruket har energibrønn midt i tunet. Ein tunnel rett under tunet vil drenere brønnen, og må då erstattast. I grenselinja mellom bruk 1 og 2, i kanten på dyrkajorda er det fjell heilt opp i dagen.

Vurdering:

Konsekvensutgreiinga vil innehalde eit arealrekneskap. Ein søker alltid å kompensere for tap av dyrkajord ved å etablere tilsvarende areal så sant dette er råd. Uttak av tunnelmasse er ein ressurs som og kan nyttast til å gjere nytt areal eigna for landbruk. Vidare planlegging vil avgjere om beste plassering av veg/tunnelinnslag er i grenselina mellom gardsbruka. Eksisterande sandtak (massetak) kan vere ein egna plass for lagring av tunnelmasse. Eigartilhøve og avtalar med grunneigar(-ar) vil avgjere det. Energibrønn blir erstatta dersom tunnelen øydelegg denne. Detaljregulering vil omtale dette nærare.

Kirsti Engeset (Gnr/Bnr 43/1), epost a 24.08.2015:

Området omfattar flataste og mest lett drivne delen av jorda på garden som er i full drift. Å miste areal har store konsekvensar for gardsdrifta. Ynskjer at ein minskar planområdet fordi det truleg er mange år til vegen og tunnelen blir bygd. Dyrkamarka må vernast og bli liggande som LNF-område. Forventar at ein skånar produktivt areal, særleg fordi dette gir leveransar til næringsmiddelindustrien.

Vurdering:

Planområdet kan og innehalde dyrka jord. Ei detaljregulering vil avgjere kva areal som vert berørt til vegareal. I samsvar med rikspolitiske retningslinjer skal dyrka jord vernast eller erstattast dersom dette går tapt. Planen vil ta omsyn til dette.

Det er ein intensjon med planen at vidare utvikling av næringsområdet og ny trase for fv 60 blir sett i samanheng. Planområdet bør derfor ikkje reduserast.

Planen vil og sikre at område framleis skal vere til landbruk. Konsekvensutgreiinga vil omfatte eit arealrekneskap. Ein søker alltid å kompensere for tap av dyrkajord ved å etablere tilsvarande areal så sant dette er råd.

Ole Jørgen Sve (drivar av massetaket), epost av 21.08.2015:

Vidare drift av massetaket må skje på eit høgare nivå og 100-150 meter nærare busetnad enn i dag. Det vil føre til støy og støvplager fordi nytt uttak er tenkt på toppen eller mot vest. Det blir i direkte luftline mot bustadfeltet.

Nytt massetak vil auke støyen fordi ein må starte på eigen teig og ha uttak på toppen eller mot vest.

Er eigar av det som er av dyrka jord i Svemorka, 400 mål. Ynskjer ikkje at dette arealet skal bli regulert til industri.

Området blir i dag brukt til friluftsliv ifølgje eigar.

Tilbodet til gåande og syklande må forbetrast.

Planområdet vert i dag mykje brukt av barn og unge. Det er to ridebaner i området. Krev at ridebanen lengst sør som han er eigar av blir regulert som friareal for barn og unge.

Eksisterande situasjon meiner han vil påverke folkehelsa. Situasjonen blir forverra ved at Stabburet set i drift nytt fryselager (regulert). Støy og trafikk vil og påverke folkehelsa. Det er behov for utgreiing.

Det er eit massebehov og i framtida. Berre ein liten del av massane ved eks. massetak er eigna til bygge- og vegprosjekt.

Forslaget meiner han ber preg av manglande kunnskap om eksisterande situasjon i planområdet.

Vurdering:

Dette er ikkje eit forslag til utvida drift av eksisterande massetak. Vidare planlegging vil avgjere kor vidt reguleringsplanen "Fursetøyane" frå 2000 vil bli endra i den nye planen. Drift av massetak kjem inn under dei ordinære konsesjonsreglane, og må handsamast i samband med detaljregulering. Det er ikkje tidlegare mottatt ynskje om utviding av massetaket frå grunneigar eller grunneigars konsulent.

Støvproblematikk/støvdemping blir omtala i reguleringsføresegnene og må tilfredsstillende krava etter forureiningsforskrifta. Temaet blir tatt med i konsekvensutgreiinga.

Det skal gjennomførast støyberekning etter godkjent metode for å sikre at ikkje støvbelastninga blir større enn det lovverket tilseier. Temaet blir tatt med i konsekvensutgreiinga.

Området for skogbruk vil bli noko mindre, men vil ikkje gi problem for drifta av tilgrensande område for skogbruk og landbruk.

Friluftsliv: Temaet blir tatt med i konsekvensutgreiinga.

Forbetring av gang- og sykkeltilbodet er eit av måla med planarbeidet. Då bør ferdig plan vise at tilbodet blir forbetra.

Formuleringa i forslag til planprogram kan vere noko upresis. Delar av området blir sjølvsagt brukt av barn og unge. Bustadfeltet er regulert frå før og området er tatt med i planen for å betre dagens avkjørsel. Utover dette blir det ikkje gjort endringar for bustadområdet.

Støy-, støv- og trafikkproblematikk skal det takast omsyn til i samsvar med dei krava som gjeld. Det inneber regulering av aktiviteten samt berekningar og føresegner som sikrar at det framleis skal vere leveleg å bu i området.

Det er mogleg å få regulert inn anna drift/aktivitet ved massetaket dersom grunneigar ynskjer det.

Forslag til planprogram er godkjent av Stranda kommune. Planen heiter "Svemorka vest", og i dette planområdet blir det i tillegg til nærings- og vegareal også regulert areal til gang- og sykkelveg, busetnad, landbruk mm. Eksisterande byggefelt i Svemorka skal mellom anna få regulert inn ny tilkomst fordi den gamle reguleringsplanen viser ein veg som ein ikkje lenger ser på som ei aktuell løysing.

Oppsummering av merknader:

Intensjonen med planen er å sikre areal til vidare næringsverksemd, avsetting av areal til framtidig fv 60, gang- og sykkelveg og tilkomstveg for tilgrensande område. Nokre merknader ber preg av ei misforståing der ein trur at alt areal innanfor plangrensa anten skal bli vegareal eller næringsareal.

All planlegging skal skje i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer. Det er eit godt "poeng" at næringsmiddelindustrien i Stranda treng dyrka jord. Det er då viktig å kunne nytte utbyggingar slik at ein får reetablert og kanskje utvide dyrka areal.

Tema i konsekvensutgreiinga skal vere dekkande for dei fleste merknadane. I vidare planlegging tek ein i tillegg med:

- Innhald og omfang i renovasjonsteknisk plan (merknad ÅRIM.)
- Ny tunnel kan drenere og øydelegge energibrønn (merknad Reidar Furset).

Oppsummert vurdering:

Fylkesvegtraseen frå Hole til Engeseth er ikkje ferdig utreda. Det ligger eit skisseprosjekt til grunn for 1 alternativ. Ut i frå anbefalte planprosesser for denne type hovudveg bør kommunedelplan utarbeidast før ein detaljplanlegg delar av ein trasè. Utgreiing av andre moglege tunneltrasear bør skje gjennom kommunedelplanarbeid i samarbeid med Sykkylven kommune. Utgreiinga vil belyse kva trasè som er mest gunstig, økonomisk og for brukarane.

Tilkopling til Engeset kan skje via bru innanfor planområdet.

Vi foreslår å leggje ei bandleggingssone rundt foreløpig utkast til fylkesvegtrasè frå mogleg tunnelinnslagsområde og fram til dagens fylkesveg. Då kan dagens veg og kryss behaldast stort sett som dei er og ny avkjørsle til bustadområde, gangveg og gangbru kan etablerast no, uavhengig av ei seinare fylkesvegutbygging. Industriområdet kan og utviklast vidare.

Ved ev. seinare fylkesvegutbygging må tunnelinnslag og fylkesvegtrasè detaljregulerast. Morkevegen må då senkast, rettast ut og dagens avkjørsle til industriområdet må endrast og tilpassast den standarden ein vel for den nye fylkesvegen.

Blir Svemorka valt som riktig utlaup for tunnel er det aktuelle området satt av til vidare planlegging. Blir tunnel plassert i ein annan trasè kan Morkevegen fortsette å ha vanleg industristandard som i dag og omsynsområdet vil opphevast.

Vidare kostnader med utgreiing og detaljplanlegging av tunnel og riksveg kan på denne måten sparast utan at moglegheitene for å legge den på Svemorka forsvinn. Områdeplanen og detaljplan(-ar) for industriområdet kan komme fort i gang.

Administrasjonen tilrår at Stranda kommune godkjenner endringa i planprogrammet.